

---

**Fra:** Andreas Aasgard IMAP <andreas@credex.no>  
**Sendt:** 28. juni 2016 11:21  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Søknad skilt på tak "Dampen" i Hagellia 6  
**Vedlegg:** 5184n-soknad\_om\_ansvarsrett\_som\_sjolvbyggjar.pdf; 5187n-egenerklaering\_for\_sjolvbyggjar.pdf; LK forslag skilt på vegg over hovudinngang.PNG; vedtekt lindas kommune skilt 30mar1995.pdf

Hei.

Etter samtale med Knut Bjørnevoll i Lindås Kommune, sender me søknad om oppsetting av skilt i samband med å informera om eit nytt næringsbygg / næringsområde i Knarvik, Lindås Kommune. Dette er vedlegg til skjema "Søknad med ansvarsrett - om ansvarsrett for sjolvbyggjar" jf tilbakemelding frå Knut Bjørnevoll.

Søknad 1 - Skilt på taket til Gnr 185 Bnr 333 i Knarvik, Lindås Kommune:

"Dampen" Hagelsundet Eigedom AS søker med dette om løyve til å settja opp skilt / skru på bokstavar / måla bokstavar på taket "DAMPEN" på taket av næringsbygget på Gnr 185 Bnr 333 (Lindås Kommune). Vedlegg "SVV Vedlegg 1" syner kvar me ynskjer å plassera skiltet / bokstavane på taket. Bakgrunnen for dette er at "Dampen" som er eit nytt næringsbygg med mange ulike aktørar og aktivitetar retta mot både næringsdrivande- og private i Bergen / Nordhordland, er geografisk plassert slik at det kan vera litt vrient for ukjende / førstegongsbesøkjande å finna fram. I tillegg er da viktig for leigetakarane å informera sine noverande- og potensielle kundar om kvar ein finn verksemda deira. Difor ynskjer me å ha namnet på bygget på taket av det. Me søker herved om løyve til å settja opp bokstavar / måla bokstavar på taket, plassert jf forslaget på vedlegget. Denne søknaden er òg sendt til Statens Vegvesen for godkjenning.

Søknad 2 - Reklame skilt på vegg over hovudinngang til "Dampen" i Hagellia 6, Gnr 185 Bnr 333 i Knarvik, Lindås Kommune:

Jf Knut Bjørnevoll fekk me opplyst om at da er søknadsplikt på skilt over ein viss stoleik som er meint til å plasserast på vegg / fasade av bygg. Me i Dampen ynskjer å ha tilbod til leigetakarane om at dei kan få settja opp reklameskilt på vegg over hovudinngangen. Denne reklamen er lite / ikkje synleg frå synleg før ein er komen inn på området til Hagellia 6. Den er soleis ikkje meint som "vegvisar" til Dampen, men informera om kven som er i bygget. Døme på forslag er i vedlegget "LK forslag skilt på vegg over hovudinngang". Me tenkjer oss at kvart firma får tilbod av same storleik med reklameplass. Enten over eller under reklame plassane ynskjer me å skriva "Dampen" med større skrift, da framkjem ikkje på vedlegget. Lokale Reklamehuset bistår oss med utforming og forslag til denne reklameplassen, slik at da ikkje skal vera noko skjemmande tiltak i nærmiljøet dette.

Då ser me fram til positiv tilbakemelding på søknadane.

Hagelsundet Eigedom AS  
Hagellia 6, 5914 Isdalstø

Andreas Aasgard

Tlf 993 20 842 (arbeid)  
4 vedlegg